

Kjempekjekt på dyredag.

15.06.2016



Kyllingen Anne Simone gjekk tur i band saman med førsteklassingane Anne Simone og Ebba, og kontaktlærar Trine Nødland.

På skulen gjer dei mykje kjekt! Noko av det som mange synes er blant det aller kjekkaste, er dyredag. Det hadde dei på Uskedal skule i dag, onsdag. Det var eit imponerande mangfald av dyr som vart presentert, og det var ikkje berre elevane som hadde det grådig kjekt. Både lærarane og mange foreldre som tok turen, kosa seg saman med dei.



Kyllingen til Anders er berre 3 veker gammal.

Noko av det første eg trefte på då eg kom inn på skuleplassen var kyllingen Anne Simone som var ute på tur saman med nokre førsteklassingar og kontaktlæraren deira, Trine Nødland. Førsteklassingane har eit heilt spesielt forhold til Anne Simone og dei 17 kyllingsøskena. Rett etter påske vart det klekt ut 18 kyllingar frå egg som klassen hadde hatt til rusing. Det var sjølv sagt stor stas, og desse fekk namn etter elevane i klassen. No bur kyllingane heime hos kontaktlærar Trine Nødland i Omvikdalen. I dag var Anna Simone tilbake på skulen saman med broren Gaute.

Det var også ein yngre kylling på dyredagen. Anders Haugland i 5.klasse hadde med seg eit lite søtt næste som berre var 3 veker gammalt. Han kunne fortelja at det var einaste kyllingen han hadde heime, men han har 7-8 høner og 2 hanar.

Elles var det eit imponerande mangfald over dyra som hadde fått seg ein tur til skulen. All kosinga med dei viste at dei vart sett pris på. Her var hestar, kaniner, kattar, hundar og lam som borna kosa seg med. Mykje kos vart det også på dei to grisene som Torbjørn Haugland hadde med seg. Dei hadde godt selskap oppi garden heile tida. I tillegg til desse var det også nokre som hadde henta dyr ute i naturen. Jonas og Patrik hadde med seg rumpetroll og småfroskar som dei hadde henta på Revhaug.

Veit de forresten kva rumpetroll heiter på svensk? Det var eit av spørsmåla på dyrequizene som elevrådet arrangerte. Eg visste det ikkje, men William Hjørnevåg i elevrådet kunne fortelja meg at svaret er grodyngel. Han kunne også fortelja at mange elevar hadde svara veldig bra, og at vinnaren var trekt ut. Kven det var, kunne han ikkje røpa, for det skulle gjerast kjent siste skuledagen.

I tillegg til dei levande dyra hadde mange også med seg kosedyr. Også av desse var det rikt utval og mange variantar.

Det vil koma fleire bilete på [Uskedal skule si heimeside](#).



Koselege kaniner



Karoline viser fram ei av kaninene som ho og Sivert eig



Mange ville kosa med Ask, den flotte katten til Dagny og Astrid.



Og mange ville kosa med Pus den fine katten til Helene



Pål Ingvar og Filip viste fram fine lam av rasen Norsk kvit sau. Gjetarhunden passa på.



Rumpetrolla til Jonas og Patrik kom frå Revhaug.



Kosedyra var absolutt med på kosen!



GRISAR

Griser er greie dyr. Dei et kraftfor, røter og mykje anna.

Alle trur grisar er skitne, men egentleg er dei reinslege. Dei skit i eit hjørne. Alt med gris blir dessverre oppfatta negativt. Unntatt griseflaks.

Griser er greie dyr, slår Torbjørn fast.



Grisene er på veg heim, og ein populær dag går mot slutten.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland